


PLANPROGRAM

KOMMUNEPLAN FOR FUSA 2015-2025

Arealdelen



Innhald

1. Innleiing	2
1.1. Føremål med planprogram.....	2
1.2. Rammer for planarbeidet.....	2
1.3. Føremål med planarbeidet	2
1.4. Fusa midt i blinken!.....	3
1.5. Befolkningsutvikling.....	4
2. Føringer for planarbeidet.....	5
2.1. Nasjonale forventningar	6
2.2. Arealføremål i plankartet	8
2.3. Samfunnsdelen for Fusa kommune.....	9
3. Mål og viktige tema for planperioden	10
3.1. Krav til innspel	11
3.2. Senterstruktur og tettstadutvikling.....	12
3.3. Bustadområde	12
3.4. Fritidsbygg	13
3.5. Areal til friluftsliv/friluftsområde.....	13
3.6. Infrastruktur og transport	14
3.7. Nærings- og industriareal	14
3.8. Akvakultur	14
3.9. Landbruk	15
3.10. Strandsoneplan	16
3.11. Naturmangfald.....	17
3.12. Kulturminne.....	17
4. Trong for utgreiingar.....	18
4.1. Konsekvensutgreiing (KU)	19
4.2. Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)	19
5. Planprosessen.....	20
5.1. Organisering, medverknad og prosess	20
5.2. Skildring av framdrift og samarbeid	20
6. Framdriftsplan	22

1. Innleiing

Arealplanen med tilhøyrande føresegner og retningsliner, vedteken 23.05.2006, skal no rullerast. Arealdelen skal bestå av eit plankart, føresegner og ein tekstdel, og skal heilt eller delvis rullerast kvart fjerde år.

Plantema vi vil sjå nærare på i denne perioden, står lista punktvis på s. 8, etterfølgd av ei utgreiing om kvart tema og ei konkretisering av kva grep vi vil gjera for å nå dei ulike måla. Samfunnsdelen av kommuneplanen vart vedteken i 2011. Den gjer greie for måla våre fram mot 2023, og gir føringar for utarbeiding av arealdelen.

Dokumentet som her ligg føre, tek utgangspunkt i samfunnsdelen og dei mål og strategiar som er vedtekne der.

1.1. Føremål med planprogram

Etter pbl. § 4-1 skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet skal gjera greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, og opplegg for medverknad. Planprogrammet skal sikra ein god planprosess, godt samarbeid, gje informasjon om plantema og sikra at vi får inn synspunkt i ein tidleg fase.

1.2. Rammer for planarbeidet

Etter pbl. § 11-5 skal kommunen ha ein arealplan for heile kommunen som viser samband mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Arealplanen er ein del av kommuneplanen, som i tillegg består av ein samfunnsdel og ein handlingsplan. Arealplanen skal omfatta plankart, føresegner og planbeskriving der det går fram korleis nasjonale mål og retningsliner og overordna planar for arealbruk er ivaretekne. Plankartet skal visa hovudføremål og omsynssoner for bruk og vern av areal. Planarbeidet skal etter pbl. § 3-1 byggja på økonomiske og andre ressursmessige føresetnader for gjennomføring og ikkje vera meir omfattande enn nødvendig.

1.3. Føremål med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å sikra ei berekraftig og framtidsretta samfunnsutvikling, og sikta på mål og strategiar som vart vedtekne i samfunnsdelen. Arealplanen skal fokusera på dei plantema planprogrammet føreslår, og sikra gode løysingar i arealforvaltinga. Etter pbl. § 11-6 fastset arealdelen framtidig arealbruk for området, og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak som nemnd i pbl. § 1-6.

Det skal etter pbl. § 3-3 leggjast til rette for utvikling og samordna oppgåveløysing i kommunen gjennom forvalting av areal og naturressursar i kommunen, og ved å gi grunnlag for gjennomføring av kommunal, regional, statleg og privat verksemd.

1.4. Fusa midt i blinken!

Fusa kommune ligg i ein av dei mest attraktive regionane på Vestlandet, Bjørnefjordsregionen. Vi er òg ein del av Business Region Bergen (BRB) som består av 20 eigarkommunar og Hordaland fylkeskommune. Denne regionen har mykje næringsaktivitet, folkevekst og gode tilbod til innbyggjarane på tvers av kommunegrensene.



Kart henta frå www.gislink.no.

Næringslivet i Fusa kommune er attraktivt for tilgrensande kommunar, og vi må skapa rom for ytterlegare næringsutvikling og samarbeida med nabokommunar om vi skal veksa. Vi må òg leggja til rette for bustadbygging der befolkninga ønskjer å bu, spreidd i bygdene våre og nært kommunesenteret. Eikelandsosen er kommunesenteret til Fusa kommune, og vert ein naturleg plass for offentlege tenester. Befolkningsutviklinga seier noko om kor mange bustader vi treng no, og vi må planleggja langsiktig slik at vi sit att med gode område i framtida.

1.5. Befolkningsutvikling

Samfunnsdelen har fleire fusingar som overordna mål. Per 1.1.2011 hadde kommunen eit innbyggjartal på 3 851. SSB sine tal for første halvår 2013 viser at innbyggjartalet vårt no er 3 813. Målet i samfunnsdelen er å auka folketallet slik at vi passerer 4 200 innbyggjarar innan 2023. SSB si framskriving av folketallet frå 1.1.2012 viser ein forventa auke til 4 004 i 2025.

Bustadbehov

SSB sin forventa auke er på ca. 200 innbyggjarar fram mot 2025. Dersom vi legg dette talet til grunn og reknar 1,5 personar per husstand, har vi behov for ca. 130 bustader i planperioden for arealdelen. Vi har allereie omlag 100 tomter til framtidige bustader i eksisterande arealplan.

Planarbeidet skal etter pbl. § 3-1 byggja på økonomiske og andre ressursmessige føresetnader for gjennomføring og ikkje vera meir omfattande enn nødvendig. Kommunen må prioritera område og tal på bustader mot behov i befolkninga.

Av dei vel 100 tomtene i kommunen, står ein del tomter og regulerte tomteområde utan utvikling av ulike årsaker, m.a. økonomi og lokalisering. Dersom vi skal konsentrera oss om å fortetta sentrale bustadområde, og nå både egne og nasjonale mål om folkevekst, betre bustadmiljø, kortare skuleveg osv, må vi leggja til rette for dei bumiljøa som det vert behov for.

Bustad	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Alle	1559	1567	1571	1579	1580	1583	1588	1593	1595	1601	1601	1600	1607
Eineb.	1322	1329	1335	1342	1343	1348	1352	1355	1358	1364	1367	1370	1374
Tomann	44	44	43	43	43	42	42	43	44	43	44	42	42
Rekkeh	33	34	34	33	33	33	34	34	33	33	32	32	32
Bustadbl.	6	6	6	7	7	7	7	7	6	7	6	6	6
Bufelles	114	115	115	115	114	115	115	115	115	115	113	111	114
Anna	40	39	38	39	40	38	38	39	39	39	39	39	39

Bustadbehov med bustadtype, henta frå Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD), stabseining i Regionalavdelinga v/Hordaland Fylkeskommune. Tala er tilgjengeleg på <http://statistikk.igest.no/hf/> under fylkesprognosar.

Forventa bustadbehov mot 2025 viser behov for ca. 52 einebustader. Trenden er likevel at fleire enn tidlegare ønskjer å bu i leilegheit. Størst auke er forventa i dei einslege hushaldningane og der par bur åleine utan barn.

Kommunen ønskjer meir konsentrert vekst, og vil leggja til rette for utvikling av sentrumsnære leilegheiter og fortetting i eksisterande bustadområde med gangavstand til dei fleste tenester og tilbod i bygdene. Dette vil imøtekoma den aukande delen av befolkninga som ein etter kvart forventar bur åleine, og vil gje betre tilbod til dei som er eldre. Sjå elles tema 3.3. Bustadområde.

2. Føringer for planarbeidet

Kommunal planlegging er ein reiskap for å utføra politiske mål, og det skal leggjast til rette for samordning av kommunale, regionale og statlege planar, retningsliner og føringer:

Kommunale planar og rapportar

- Fusa - midt i blinken! Samfunnsdelen av kommuneplanen 2011-2023
- Arealdelen 2006-2016
- Avløpsplan
- Hovudplan veg
- Idrett og friluftsliv 2005-2014 – ny plan under arbeid
- Kulturvernplan (kommunedelplan for kulturvern, 1998)
- Trafikksikringsplan
- Vatn
- Beredskapsplan
- Klima- og energiplan 2011-2020
- Oppvekstplan 2010-2020: Fusa for framtida - trygg, stolt og sterk
- Velferdsplan 2010-2020: Gode kår i alle år
- Folkehelse rapport: "Folkehelse og levkår i Fusa 2012-2016"

Statlege og regionale føringer

- Fylkesplan for Hordaland 2005-2008
- Fylkesdelplan for kystsona 2001-2004
- Fylkesdelplan for kulturminne 1998-2010 (Ny regional plan under arbeid)
- Fylkesdelplanen *Deltaking for alle – universell utforming*
- "Den Norske Los" publikasjon, Kystverket
- Rammeplan for byggegrenser og avkjørsle langs riks- og fylkesvegar
- Handlingsplan for elvemusling i Norge, 2005
- Klimaplan for Hordaland 2010-2020 (inneheld fylkesplanar for energi og vindkraft)
- Nasjonal transportplan (NTP) 2010-2019
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, vedteken 24.6.2011
- Regional planstrategi 2012-2016
- Regional transportplan (RTP) 2013-2024

Regionale planar under utarbeiding

- Forvaltingsplan for vassregion Hordaland (2010-2015)
- Interkommunal strandsonenplan for Sunnhordland (→ 2015)
- Regional plan for folkehelse
- Regional kystsonenplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel
- Regional næringsplan 2013-2017
- Regional kulturplan 2014-2024

2.1. Nasjonale forventningar

Publikasjon T-1497: **Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging**, utgitt av Miljøverndepartementet og vedteken ved kongeleg resolusjon 24.6.2011, skal leggjast til grunn i planleggingsarbeidet. Det er venta at kommunen støttar opp under regjeringa sine forventningar gjennom kommunal planlegging.

Utdrag:

- **Klima og energi**

Klimasmart planlegging gir eit viktig bidrag til å redusera klimagassutslepp. Lokalisering og utforming av næring, bustader og infrastruktur har verknader på energibruk og utslepp i lang tid framover. Regjeringa ventar at kommunane tek omsyn til klimautfordringane og norsk energiomleggingspolitikk i planlegginga.

- **By og tettstadsutvikling**

Attraktive byar og tettstader med eit godt fysisk miljø, eit velfungerande transportsystem og eit variert kultur og fritidstilbod, tiltrekkjer seg næringsverksemd og skaper økonomisk vekst. Auka fortetting og betre tilrettelegging for gåande og syklande er nødvendig for å oppnå ei berekraftig tettstadsutvikling. Fortetting bør skje utan at produktive landbruksområde vert nedbygd, eller at verdifull natur og kulturmiljø går tapt. Det er forventa at kommunen tek omsyn til tradisjonell bruk, tilgjengelegheit og universell utforming, så vel som høve til aktiv livstil og auka friluftsliv, ved å knyta saman bustadområde, skular og barnehagar og trygge forbindelsar til friluftsområde.

- **Samferdsel og infrastruktur**

Det overordna målet for regjeringa sin transportpolitikk er i følgje Nasjonal transportplan 2010-2019 å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvenleg transportsystem som dekkjer samfunnet sine behov for transport. Høg arealutnytting og bevisst lokalisering av ulike verksemdar vil redusera transportbehovet. Betre forhold for syklistar og gåande fremjar fysisk aktivitet, gir trygge skuleveggar og reduserte utslepp. Jernbane og sjøtransport bør ta meir av godstransporten, men vegnettet må òg sikrast for næringstransport.

- **Verdiskaping og næringsutvikling**

Verdiskaping med omsyn til ei langsiktig og berekraftig utvikling må omfatta både økonomiske, miljømessige, kulturelle og sosiale dimensjonar. Sjømatnæringa er ei stor eksportnæring og bidrar til sysselsetting i heile landet, spesielt i mange lokalsamfunn langs kysten. Den marine sektoren må bli gitt høve til langsiktig og miljømessig forsvarleg verdiskaping. Det er forventa at planlegginga bidrar til å oppretthalda eit berekraftig skogbruk og vidareutvikla landbruket og landbruksbasert foredlingsverksemd.

- **Natur, kulturmiljø og landskap**

Kommunane har hovudansvar for å forvalta landskap, naturmangfald, kulturminne, kulturmiljø og viktige jordbruksareal. Noreg har slutta seg til den europeiske landskapskonvensjonen som forpliktar oss til å fremja vern, og forvalta og planleggja bruk av alle typar landskap. Samvirke mellom plan- og bygningslova, sektorlover og naturmangfaldlova er nødvendig for å sikra ei kunnskapsbasert forvaltning. Prinsippa i naturmangfaldlova skal vera vurderte og vektlagde. Det er forventa at kommunen følgjer opp vassforvaltingsplanen som skal vedtakast innan 2015, og at kommunen vurderer behov for å fastsetja eit byggjeforbod i ei sone på inntil 100 meter langs vassdrag i kommuneplanen. Det er òg forventa at kommunen legg til rette for ei meir miljøbasert utbygging av fritidsbustader, der omsynet til landskap, naturmangfald, ressursbruk, energibehov og estetikk vert vektlagt.

- **Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø**

Målet med folkehelsearbeidet er fleire leveår med god helse for den enkelte og reduserte helseskilnader i befolkninga. Barn og unge har rett til å ha innverknad på planarbeidet for å kunna påverka sitt eige oppvekstmiljø. Det er viktig med gode nærmiljø og høve til å utøva fritidsaktivitet for å gi gode levekår, utviklingsmoglegheiter og trygge oppvekstmiljø. Prinsippet om universell utforming bidreg til å sikra likeverdige moglegheiter for menneske med nedsett funksjonsevne. Det er forventa at kommunen legg til rette for fysisk aktivitet for heile befolkninga, m.a. ved å sikra grøne område som er lett tilgjengelege og tilrettelagde for friluftaktivitet, idrett, lek og avkopling, og som er fri for forureining og støy. Det er forventa at kommunen bidreg til universell utforming av omgivnader og bygningar. Planlegging av ny bustadbygging, institusjonar, næringsverksemd og infrastruktur skal førebyggja nye miljø- og helseulempar i form av forureining, støy, radon eller aukaulukkesrisiko.

2.2. Arealføremål i plankartet

Dette er føremål plan- og bygningslova pålegg kommunen å visa i arealplankartet, med utfyllande retningslinjer og føringar i den skriftlege delen av arealplanen. Etter pbl. § 11-7 nr. 1-6 skal arealdelen i nødvendig utstrekning visa hovudarealføremål og kan inndelast i underføremål som følgjer:

1. Bygningar og anlegg

Bustad, fritid, sentrumsføremål, kjøpesenter, forretningar, bygningar for offentleg eller privat tenesteyting, fritids- og turistføremål, råstoffutvinning, næringsbygg, idrettsanlegg, andre anlegg, uteopphaldsareal, grav- og urnelundar.

2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Veg, vegbane, lufthamn, hamn, hovudnett for sykkel, kollektivnett, kollektivknutepunkt, parkeringsplassar, trasear for teknisk infrastruktur.

3. Grønstruktur

Naturområde, turdrag, friområde, parkar.

4. Forsvaret

Ulike typar militære føremål.

5. Landbruks-, natur- og friluftsområde, og reindrift

Areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på garden sine ressursar, areal for spreidd bustadbygging, fritids- eller næringsbygg.

6. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Ferdsel, farleier, fiske, akvakultur, drikkevatt, natur og friluftsområde kvar for seg eller i kombinasjon.

I område der arealplanen berre angir hovudføremål for arealbruk, skal det i nødvendig utstrekning leggast føringar som klargjer vilkår for bruk og vern av areala, jf. §§ 11-9 til 11-11.

2.3. Samfunnsdelen for Fusa kommune

I samfunnsdelen til kommuneplanen for 2011-2023 er det vedteke tre hovudsatsingsområde:

1. Berekraftige lokalsamfunn
2. Treffsikre kommunale tenester
3. Samhandling og samarbeid

Innanfor satsingsområdet "berekraftige lokalsamfunn" skal hovudfokus vera på Fusa som naturkommune, bukommune og arbeidskommune.

SLIK VIL VI HA DET – SATSINGSOMRÅDE OG HOVUDMÅL 2011-2023

1A. Naturkommunen Fusa – på lag med naturen:

Fusa kommune skal forvalta naturressursar og areal på ein slik måte at vi tek omsyn både til naturen si toleevne og til innbyggjarane og deira behov.

1B. Bukommunen Fusa – trivsel for alle:

Vi skal leggja til rette for aktiv fritid, rikt kulturliv, sosiale møteplassar, attraktive bumiljø, gode kommunikasjonar, sterkt sentrum og levande bygder.

1C. Arbeidskommunen Fusa – rikt og variert næringsliv:

Vi skal oppretthalda eit rikt og variert næringsliv i Fusa, styrkja dei eksisterande arbeidsplassane, og utvikla nye næringar.

2. Treffsikre kommunale tenester – gode kår i alle år:

Vi skal syta for at innbyggjarane i Fusa opplever **Fellesskap**, **Utvikling**, **Samspel** og **Aktivt liv** med god helse, tryggleik og trivsel.

3. Samhandling og samarbeid – lagspel gjev gode resultat:

Fusa kommune skal vera ein positiv medspelar som samarbeider med innbyggjarane, frivillig sektor, næringslivet, andre kommunar og andre offentlege instansar for å sikra ei god utvikling av fusasamfunnet.

Etter pbl. §§ 11-2 og 11-3 er samfunnsdelen av kommuneplanen grunnlag for sektoren sine planar og verksemd i kommunen.

3. Mål og viktige tema for planperioden

Kommuneplanen sin arealdel skal angi hovudtrekk i arealdisponeringa. Arealdelen fastset framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak som nemnd i pbl. § 1-6.

Som nemnd innleiingsvis i dette dokumentet, er det samfunnsdelen som legg grunnlaget for arealplanen, og tema til rullering er basert på det som er vedteke der, også omtalt under 2.3.

I følge nasjonale retningsliner skal ein i all planlegging ta omsyn til klima, barn og unge, universell utforming, folkehelse, risiko og sårbarheit/samfunnstryggleik og estetikk. Naturmangfald og kulturminnevern skal òg takast omsyn til. Dette gjeld innafør alle tema nedanfor.

I denne planperioden vil vi fokusera på følgjande tema:

- Senterstruktur og tettstadutvikling
- Areal for utvikling av bustadområde nær kommunesenteret og i bygdene
- Fritidsbygg
- Areal til friluftsliv/friluftsområde
- Transportaksar og E39
- Utvikla gode nærings- og industriareal
- Akvakultur
- Landbruk
- Strandsoneplan
- Naturmangfald
- Kulturminne

3.1. Krav til innspel

Første omgang med innspel:

Planprogrammet har vore på høyring i seks veker frå vedtak i kommunestyret 7. mai 2013. I denne høyringsperioden var det høve til å koma med innspel til sjølve planprogrammet, det vil seia **framdrift, organisering og plantema**. Sjå temalista på førre side, vidare tema utgreidd frå s.12.

Innspel til konkrete areal vert opna for i andre omgang med innspel.

Innspel og merknader skal leverast skriftleg til Fusa kommune, Postboks 24, 5649 Eikelandsosen, eller på epost til postkasse@fusa.kommune.no.

Andre omgang med innspel:

Det føreliggjande planprogrammet vart eigengodkjent i kommunestyret 22. oktober 2013. Det vert vidare lagt opp til medverknad frå innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv, der det er høve til å koma med **konkrete arealinnspel**.

Innspel som ikkje fell inn under vedtekne plantema, vert ikkje vurdert. Relevante innspel vert konsekvensutgreidd, og på grunnlag av samla verknad på miljø og samfunn (sjå s.19) vert det vurdert om innspelet skal takast opp i arealplanen.

Frist for innspel vert sett til 03.01.2014. Innspel skal leverast i eige skjema som vert lagt ut på heimesida www.fusa.kommune.no.

Skjema for innspel inneheld lenker til nettstader der ein kan henta informasjon om konkrete tilhøve. Desse lenkene vert òg lagt ut på heimesida til Fusa kommune.

For å leggja til rette for medverknad, vert det på heimesida lagt ut ei oversikt over møte og arenaer for deltaking.

Innspel til interkommunal strandsonoplan for Sunnhordland

Det vert opna for å koma med innspel til interkommunal strandsonoplan. Fristen vert sett til 03.01.2014. Planprogram for interkommunal strandsonoplan er tilgjengeleg på Fusa kommune si heimeside under toppmenyen "Lokaldemokrati" > Arealplan.

Ein del innspel til interkommunal strandsonoplan vil òg gjelda tema til rullering av arealdelen. Dette skal markerast i skjemaet for innspel.

I planarbeidet med strandsonoplanen er det ikkje føresett å vurdera enkelttiltak som brygge, naust, hytte og bustad og liknande plassert i strandsona. Kommunane ønskjer innspel om større tiltak i strandsona, som t.d. område for bustader, næringsområde, felles båthamner, naustområde, reiselivsanelegg, sikring av friluftsområde/friareal/badeplassar m.m.

3.2. Senterstruktur og tettstadutvikling

Kommunen ønsker utvikling i alle bygder. Den største bustadutviklinga skal skje nær og innafor kommunesenteret Eikelandsosen, der høve til skule, barnehage, transport, butikk og offentlege tenester er ivareteke.

Samfunnsdelen slår fast at Fusa skal ha eit moderne kommunesenter med gode allsidige offentlege og private tenester. Kommunesenter er lokaliseringsstad for arbeidsplassar, kommunal administrasjon, kommunedekkjande offentlege og private tenester, lokalt transportknutepunkt og kollektivdekning. Det vert utarbeidd ein eigen områdeplan for Eikelandsosen. Denne skal fremjast av kommunen som eigen plan, og ikkje takast med i rullering av arealdelen.

I 2011 vart det gjennomført ein stadanalyse av Eikelandsosen, der hovudgrepa er ny sentralgate med fortau, sykkelfelt og busstopp, og organisering av ny bygging i kvartalsstruktur som ivaretek viktige sikteline mot fjorden. Fusa kommune vil styrkja kommunesenteret som sentrum med tenester og tilbod, torg, park, og fortetting av bustader.

Ein områdeplan med krav om reguleringsplan klargjer senterstrukturen for eventuelle utbyggjarar, og sikrar god infrastruktur og tilkomst for alle samfunnsgrupper. I samband med denne planen vil vi òg vurdere høve til fleirbrukshall, strandpromenade og kultursti, og sikra rekreasjonshøve og kulturhistorie nær sentrum. Områdeplanen dekkjer senterområdet sør for Koldalselva i eksisterande arealplan (Leiro og Neset).

Innspel som gjeld områdeplanen må koma når arbeidet med områdeplanen er starta opp.

Nokre bygder fungerer som lokalsenter – utifrå geografisk plassering, funksjon for områda rundt og innhald av tenester og tilbod (butikk, skule, barnehage, omsorgsbustader, kyrkje, anlegg for idrett og friluftsliv, sentral plassering i forhold til kollektivtransport, ferjeleie m.m.).

3.3. Bustadområde

Eit overordna mål i samfunnsdelen er å auka folketalet i kommunen. Vi treng gode bustadområde, og i samfunnsdelen står det at vi vil ha eit sterkt sentrum og levande bygder. Samfunnsdelen har attraktive, trygge og varierte bumiljø som mål, og planen slår fast at det skal leggjast til rette for bustadbygging både spreidd, i felt og i sentrumsområde. Det skal leggjast til rette for at byggefelt skal plasserast sentralt (i gang- og sykkelavstand) i høve til sentrumsfunksjonar i bygdene, og at det skal satsast på fortetting i eksisterande buområde. Det skal òg leggjast til rette for bustadområde med nærleik til sjø. Utbygging skal i hovudsak skje langs transportaksar og der høve til kollektivtrafikk vert ivareteke.

Eitt av måla i denne perioden er å få ned talet på dispensasjonar frå LNF ved å nytta føresegner og retningsliner til ulike føremål. Til dømes kan LNF-område med spreidd bustad markerast som ferdig utbygde, slik at tiltak kan gjerast på eigen bustad utan å søkja dispensasjon. Samfunnsdelen slår òg fast at vi skal leggja til rette for at bygging skjer mest mogleg på areal som er lite dyrkbare.

Spreidd utbygging kan skje der eksisterande infrastruktur kan nyttast, utan at dette medfører nye avkjørsler frå riks- eller fylkesveg (Rammeplan for byggegrenser og avkjørsler langs riks- og fylkesvegar) og avgang på dyrkbart areal.

Dei nasjonale forventningane er m.a. fortetting, klimasmart planlegging, gunstig infrastruktur, universell utforming og nærleik til rekreasjonsområde, barnehage og skular. Utvikling av bustadområde må vurderast i samband med nasjonale forventningar og mål i samfunnsdelen. Det kan vera aktuelt å gjera ei ny vurdering av område i eldre arealplan som har vore disponert til utbygging i fleire år utan at utvikling har skjedd.

3.4. Fritidsbygg

Hytter skal ikkje planleggjast i konflikt med funksjonell strandsone, næringsareal og landbruk, eller blandast med bustadområde. I tråd med samfunnsdelen vil vi vurdere moglegeheita for hytter i fjellet i felt under tregrensa. Utvikling av hyttetomter skal skje innafor eller tett tilknytt allereie utvikla område, der eksisterande infrastruktur kan nyttast, utan at dette medfører nye avkjørsler frå riks- eller fylkesveg (Rammeplan for byggegrenser og avkjørsler langs riks- og fylkesvegar) eller avgang på dyrkbart areal.

Småbåthamner og småbåtanlegg er mindre arealkrevjande og eit alternativ til naust.

3.5. Areal til friluftsliv/friluftsområde

Samfunnsdelen av kommuneplanen slår fast at vi skal sikra offentlege friluftsområde ved sjø i alle bygder og setja av areal til friluftsliv i alle bygder i arealdelen av kommuneplanen. Vi vil nytta Kart i Vest si regionale kartlegging av friluftsområde, og utvida samarbeidet med Bergen og omland friluftsråd om fleire offentlege friluftsområde. Samfunnsplanen slår vidare fast at vi skal ta vare på naturlandskapet og leggja til rette for at vi framleis har store, samanhengjande, urørte naturområde både på land og i sjø.

3.6. Infrastruktur og transport

Samfunnsdelen slår fast at vi skal satsa på svært god infrastruktur til/frå kommunen og arbeida for ferjefri kyststamveg etter indre trasé. Generelt er god tilknytning mot E39 eit ønskje uavhengig av traséval.

Kyststamvegen etter indre trasé kan utløysa stor vekst i m.a. bustad- og næringsareal, og auka pendling og kollektivtrafikk inn og ut av kommunen. Kommunen ønskjer god tilknytning mellom eksisterande infrastruktur og ein eventuell kyststamveg, og ser positivt på at kyststamvegen kan knyta saman kommunen, samstundes som den kan knyta heile kommunen tettare mot resten av regionen.

Internt i kommunen skal vi satsa aktivt på trafikksikring og bygging av gang- og sykkelveggar i nærmiljøa, og sjå til at det vert høgt prioritert i alle nye vegprosjekt og reguleringsplanar. Vi skal ha eit særleg fokus på trafikksikringstiltak for mjuke trafikkantar i bustadområde, kring skular, barnehagar og idrettsanlegg. Og vi skal redusera transportbehovet ved å plassera byggefelt i gang-/sykkelavstand frå sentrumsfunksjonar i bygdene våre (skule, barnehage, butikk, fritidstilbod).

Infrastruktur for sjøtransport og maritim næring (farleier, nødhamner og hamneområde, småbåthamner, offentlege kaier) skal òg synleggjerast i plankartet med retningsliner for arealbruk.

3.7. Nærings- og industriareal

For Fusa, Os og Samnanger er det i emning ein felles næringslivsplan. Hordaland Fylkeskommune sitt regionale utviklingsprogram (RUP) har definert seks næringer som fylkeskommunen skal satsa på: energi, marine næringer, maritime næringer, reiseliv, kultur næringer og landbruk. Samfunnsdelen til Fusa kommune slår fast at vi skal planleggja areal til næringsliv både på land og sjø(havbruk).

Næringer som krev mykje transport, bør liggja langs hovudveggar eller ved sjø, medan detaljhandel i hovudsak bør etablerast i tilknytning til kommunesenter eller lokalsenter. Nytt næringsareal må leggjast slik at stegvis utviding vert mogeleg. Tømmerkaien i Eikelandsosen har for dårleg kapasitet til å imøtekoma behovet for transport av tømmer dei neste 10-20 åra. For å sikra næringa tilfredstillande driftsvilkår, skal kommunen bidra til å finna eigna lokalitet til ein tømmerkai.

3.8. Akvakultur

Samfunnsdelen av kommuneplanen slår fast at vi skal ha ei livskraftig og berekraftig havbruksnæring i Fusa, og at vi skal setja av havbruksareal i arealdelen av kommuneplanen. Akvakultur er ei stor næring i kommunen, og Regional

kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger tek for seg den samla forvaltinga i regi av Hordaland fylkeskommune. Her vert det gjort greie for generelle utfordringar i akvakulturnæringa. Målet med denne planen er å gje kommunane gode verktøy i forvaltinga, og gje gode overordna retningslinjer for å samordna forvaltinga i regionen. Regionale planføresegner skal implementerast i kommunale planar, og strukturen skal synleggjerast i plankartet.

Plantema i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger:

- Berekraftig kystsoneplanlegging
- Strandsona
- Akvakultur
- Sjøtransport og maritim næring

Næringa treng gode produksjonsareal i sjø for å driva berekraftig. Dette kan innebera at det vert sett av større samanhengande område enn tidlegare, der anlegga kan flyttast etter behov, utan søknad om dispensasjon frå kommuneplanen. Dette kan gje både miljøgevinst i sjø og effektivitet i produksjonen ved å unngå søknadsprosessen. Lokalisering av akvakulturområde i planområdet skal strukturerast slik at næringa vert sikra gode og eigna produksjonsområde, samstundes som det vert tatt høgde for noverande og framtidige sjukdomsutfordringar. Kommunen har 26 akvakulturkonsesjonar (www.fiskeridir.no). Utviklinga i næringa er stor, og det kan verta behov for ulike typar areal på land. Det skal leggjast opp til eit samarbeid med næringa om arealbehov, og det vert krav om synleggjering av total arealbruk (vassøyle og botn, forankring) ved akvakulturlokalitetar.

Aktuelle tema å ta opp i samband med akvakultur er:

- Storleik på akvakulturområde kring eksisterande lokalitetar
- Gjennomgang av om eksisterande akvakulturlokalitetar er eigna
- Mogelege nye akvakulturområde
- Fortøyingar og ankerfeste til oppdrettsanlegg
- Akvakulturområde som tangerer område avsett til fiske
- Fortøyingar frå oppdrettsanlegg som ligg i nabokommunar

I *Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger* skal det setjast regionale retningslinjer for arealbruk i strandsona med eit overordna fokus.

3.9. Landbruk

Samfunnsdelen slår fast at vi i Fusa skal ha eit livskraftig og berekraftig landbruk. Vi skal syta for ein god balanse mellom det å ta vare på natur, landbruk og friluftsområde og behovet for areal til samferdsel, næringsliv og til attraktive byggeområde.

Vi skal leggja til rette for skogsvegar i kombinasjon med friluftsliv. Vi skal ta vare på fulldyrka jord og landbruksareal og syta for at det er minst like mykje jordbruksareal i drift i Fusa kommune i 2020 som det var i 2010, dvs. minst 14 000 daa.

Vi skal sikra ei berekraftig forvaltning av kulturlandskapet, m.a. ved å sikra at vi ikkje har avgang av landbruksareal, og ta inn kjerneområde for landbruk i plankartet. Etter pbl. § 11-8 vil områda synast med omsynssoner i arealplankartet, og får tilhøyrande retningsliner og føringar i skriftleg del.

3.10. Strandsonenplan

Den interkommunale strandsonenplanen for Sunnhordland vert eit overordna styrande plandokument for all arealbruk og forvaltning av strandsona i dei ni kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes og Fusa. Strandsonenplanen vert utarbeidd i regi av samarbeidsrådet for Sunnhordland, og får status som kommunedelplan. Planen skal visa arealføremål og omsynssoner for bruk og vern av areal i strandsona, og implementerast i arealplanen.

Plantema i interkommunal strandsonenplan for Sunnhordland:

- Friluftsområde, regionale og lokale
- Område med spesielle natur- og landskapskvalitetar
- Sikring av større, viktige friluft- og landskapsområde
- Kulturminneområde, kystkultur m.m.
- Område for næringsutvikling, hamneanlegg, reiselivsanelegg
- Felles båthamner/bryggeanlegg, naustområde, fellesnaust
- Bustadområde og område for fritidsbustader
- Fortettingsområde

I samband med interkommunal strandsonenplan for Sunnhordland har Fusa kommune utført ei kartlegging av funksjonell strandsona. Gjennom arbeidet med strandsonenplanen skal byggegrenser mot sjø justerast. Dette vil letta LNF-problematikk knytt til inngrep i strandsona. Arbeidet med strandsonenplanen går parallelt med arealplanarbeidet og vert ein del av planprosessen. Kommunen utførte ei statuskartlegging i 100-metersbeltet i 2011, der det vart gjort greie for strandsonareal med og utan inngrep, tilgjengeleg og utilgjengeleg. I 2013 vart det gjennomført ei kartlegging av funksjonell strandsona. Dette er ei fagleg vurdering av område med spesielle natur- og kulturverdiar, bruksverdiar og press på areala. Denne kartlegginga skal sikra ei gunstig forvaltning av strandsona i framtida. Kartlegginga skal liggja som retningsline for handsaming av innspel til arealbruk i strandsona, og vert tilgjengeleg på heimesida til Fusa kommune.

Definisjon av funksjonell strandsona: "Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Sona kan vera smalare eller breiare enn 100-meterbeltet."

3.11. Naturmangfald

Samfunnsdelen av kommuneplanen slår fast at vi skal sikra det biologiske mangfaldet og leggja til rette for ein balansert sameksistens mellom naturlege artar og næring.

Vi skal sikra verneområde av nasjonal verdi og setja av omsynssoner rundt verneområdet på Vinnesleiro. Femangerelva er verna mot kraftutbygging, og skal sikrast ein arealbruk som ikkje reduserer verneverdiane knytt til vassdraget. Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag skal leggjast til grunn i planarbeidet. Kommunen har eit særskilt ansvar for å ta vare på truga artar, og vil setja av omsynssoner rund gyte- og oppvekstområde for kysttorsk og storaure og kjende lokalitetar med elveperlemusling. Viktige fiskeområde, gyteområde og bevaring av marint biologisk mangfald skal tilleggjast særleg vekt ved planlegging av areal til utbygging i strandsona og langs vassdrag.

3.12. Kulturminne

Kulturvernplanen for Fusa kommune skal rullerast i løpet av planperioden. Revidert kulturvernplan skal mellom anna avklara konfliktgraden mellom byggeområde og kulturminne, og drøfta eventuelle avbøtande tiltak. Det skal òg utgreiast korleis kommunen skal sikra verneverdige kulturminne innanfor delplanområda. Ved revidering av kulturvernplanen vil ein m.a. sjå på vernestatus for verneverdige sjøbruk og naustmiljø. Stølsmiljøa er òg ein viktig kulturminnekategori som bør synleggjerast her. Vidare skal vi sikra verneområde av nasjonal verdi og setja av omsynssoner rundt verneområdet i Kikedalen.

4. Trong for utgreiingar

Eksisterande kartleggingar

- Fiskeri: kartlegging i Fiskeridirektoratet. Dette gjeld fiskeriressursar, gyteområde, fiskebruksområde og låssettingsplassar.
- Sjøbotn: HFK har bestilt kartlegging av sjøbotn i Hordaland frå sjøkartverket.
- Akvakultur: oversyn over klarerte oppdrettslokalitetar i Hordaland er tilgjengeleg.
- Landskap: Landskapstypar i Hordaland er kartlagde og verdisett, 2011.
- Friluftsliv: Friluftsområde med regional verdi er kartlagde og verdisett og ligg på HFK sine heimesider, kartivest.no.
- Kulturminne: data om kulturminne finst i Askeladden og SEFRAK-registeret.
- Biologisk mangfald i Fusa kommune, NIJOS rapport 04/2003.
- Kartteneste om natur og friluftsliv i naturbase.no.
- Registrering av kjerneområde landbruk, 2010.
- Kartlegging av funksjonell strandsone v/Asplan Viak 2013.
- Kartlegging av naturtypar i MVA-rapport 2/2012.
- Kartlegginga av viktige viltområde i Fusa i MVA-rapport 5/2003.
- Trafikksikringskartlegging (farleg skuleveg).

Trong for registreringar

- Kartleggja mineralressursar
- Lokalt viktige friluftsområde
- Omsynssoner rundt verneområda i Kikedalen og Vinnesleiro
- Gjennomgang av låssettingsplassar

Planar og registreringar som skal gjennomførast i planperioden

- Områdeplan for Eikelandsosen sentrum
- Revisjon av kulturvernplan (kommunedelplan for kulturvern, 1998)
- Kartleggja kjerneområde for skogbruk

4.1. Konsekvensutgreiing (KU)

KU- forskrifta skal leggjast til grunn for arealdelen. Som del av arealplanen si planbeskriving, skal det utarbeidast ei konsekvensutgreiing av arealplanen sin samla verknad på miljø og samfunn. Vurderinga vert gjort på grunnlag av verknader for samfunn, natur og miljøressursar:

- Forureining (klimagassutslepp, anna utslepp til luft, forureining av jordbotn og vatn)
- Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar
- Kulturminne og kulturmiljø
- Naturmangfald (dyre- og planteliv)
- Landskap
- Sikring av jordressursar (jordvern)
- Samisk natur- og kulturgrunnlag
- Befolkninga si helse og fordeling av helse i befolkninga
- Tilgjenge til uteområde og gang- og sykkelvegnett
- Kriminalitetsførebygging
- Beredskap og ulukkesrisiko, jf. pbl. § 4-3
- Risiko ved havstiging
- Barn og unge sine oppvekstvilkår

Der det er relevant skal arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet skildrast. For planar som kan føra til vesentleg påverknad av konkurranseforholda, skal konsekvensutgreiinga omfatta vurderingar av dette.

Konkrete arealinnspel til tema som er vedteke i planprogrammet (s. 8) vert óg vurdert konsekvensutgreidd, og på grunnlag av samla verknad på samfunn, natur og miljøressursar, vert det vurdert om innspelet skal inn i planen. Innspel som ikkje er i samsvar med planprogrammet, vert automatisk ikkje med i denne prosessen. Risiko- og sårbarheitsanalyse er ein viktig del av konsekvensvurderinga, og skal hindra at liv, helse og materielle verdiar vert sett på spel.

4.2. Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)

Etter pbl. § 4-3 skal planstyresmaktene sørgja for at det vert utarbeidd ROS-analyse for område med planar for utbygging. Analysen skal gjera greie for alle tilhøve som kan ha konsekvensar for om arealet er eigna til utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast på kartet med omsynssoner. Analysen skal delast inn i *menneskeskapte farar* og *naturfarar*. Analysen er tidkrevjande, og det må vurderast om analysen skal utarbeidast av konsulent for å sikra framdrifta i arealplanprosessen.

5. Planprosessen

5.1. Organisering, medverknad og prosess

Etter pbl. § 3-3 har kommunestyret sjølv leiinga av den kommunale planlegginga, og organiserer arbeidet med den kommunale planlegginga etter plan- og bygningslova kapittel 10 til 12. Kommunestyret opprettar dei utval og treffer dei tiltak som er nødvendige for å gjennomføra planlegginga, og skal etablera ei særskild ordning for å ivareta interessene til barn og unge. Kommunestyret sjølv må fatta vedtak om kommuneplanen sin arealdel.

Prosjektorganisering skjer etter ordinære organiseringslinjer i Fusa kommune.

- Prosjekteigar/vedtaksorgan – kommunestyret
- Politisk styringsgruppe – utval for plan og miljø (UPM)
- Administrativ styringsgruppe – strategisk leiargruppe (SLG) (rådmann og assisterande rådmann) og prosjektleiar

- Prosjektleiar – arealplanleggjar Helle H. Bruland.
- Prosjektgruppe – plan- og bygningssjef, arealplanleggjar og rådgjevar.
- Fagleg ressursgruppe – barn og unge sin representant, kultur, folkehelse, landbruk, teknisk drift og byggesak. Grappa vert viktig for fagleg diskusjon av plantema, og skal trekkjast inn i prosjektgruppa ved behov.
- Politiske arbeidsgrupper – kommunestyrepolitikarane vert inndelt i grupper for utarbeiding av innspel til innhald i plantema, og for behandling av innspel til planprogram og arealplan.

Dialog direkte mellom prosjektgruppe og politisk styringsgruppe/leiar UPM bør sikrast med eigne møte undervegs i prosessen. På same måte bør det sikrast god dialog mellom administrativ og politisk styringsgruppe.

5.2. Skildring av framdrift og samarbeid

• **Utarbeiding av planprogram**

I første omgang vert det utarbeidd utkast til planprogram for arealdelen, her er det samarbeid mellom fagleg ressursgruppe, prosjektgruppe, administrativ styringsgruppe, politisk styringsgruppe og kommunestyret. Det har vore organisert temamøte, og politikarane har kome med innspel til plantema som er tatt opp i planprogrammet.

• **Høyring og offentleg ettersyn av planprogram**

Vedtak av forslag til planprogram i plan- og miljøutvalet vert etterfølgd av vedtak i kommunestyret. Planprogrammet skal leggjast ut til offentleg ettersyn i minst seks veker, med varsel og kunngjering om at arealplanarbeidet er starta opp. Høyring av

planprogrammet skjer i samsvar med § 11-13 i plan- og bygningslova. Kunngjering skjer i regional avis og på heimesida til Fusa kommune.

- **Behandling av innspel til planprogram og utarbeiding av retningsliner for innspel til arealbruk**

Prosjektleder og prosjektgruppe i samarbeid med plan- og miljøutvalet (politisk styringsgruppe). Vedtak i kommunestyret.

- **Behandling av arealinnspel**

Når planprogrammet er vedteke, startar arbeidet med innhaldet i arealplanen. Det vert lagt opp til medverknad frå innbyggjarar, organisasjonar, næringsliv og politiske arbeidsgrupper. Det vert mellom anna organisert opne arbeidsmøte, der det vert gitt informasjon og høve til å diskutera arealbruk. Sjå krav til innspel på s. 11.

Det vert gjennomført ei administrativ/politisk siling av innkomne arealinnspel (sjå s. 17) etter utarbeidde retningsliner. Dei innspela som skal takast med vidare, vert konsekvensutgreidde før ein vurderer å ta innspela inn i planen.

- **Utarbeiding av planframlegg (kart, føresegner og retningsliner)**

Basert på overordna retningsliner, fastsett planprogram og behandla innspel, vert det utarbeidd eit planframlegg som inneheld ROS-analyse og konsekvensutgeing av samla plan. Vi vil diskutera eit utkast av arealplanen i fylket sitt planforum før vi sender planen til offentleg ettersyn.

Høyring og offentleg ettersyn av planframlegget skjer i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14. Eit eksemplar av planframlegget skal sendast til departementet, fylkesmannen, regional planmyndigheit og aktuelle statlege myndigheiter. Høyringsinstansane får planframlegget tilsendt med minimum 6 vekers høyringsfrist, og kunngjering skjer i regional avis og på heimesida til Fusa kommune.

Endeleg vedtak i kommunestyret 2015.

6. Framdriftsplan

Etter at planprogrammet er fastsett, startar planarbeidet formelt. Endeleg vedtak i kommunestyret våren 2015.

2013				2014				2015			
1	2	3	4	1	2	3	4	1	2	3	4
Planprogram		Medverknad: prosjektgruppe, administrativ styringsgruppe, Utval for plan- og miljø, kommunestyret, ressursgruppemøte									
Varsla oppstart planarbeid, høyring og offentlig ettersyn av planprogram		Politisk handsaming: Utval for plan og miljø 25.04.2013, vedtak i kommunestyret 07.05.2013 Planforum Overordna innspel til plantema, framdriftsplan, organisering									
Fastsetja planprogram				Politisk handsaming av innkomne høyringsinnspel: Utval for plan og miljø, vedtak i kommunestyret							
Arealplanarbeid, formell oppstart hausten 2013											
Folkemøte, lag og organisasjonar Politiske arbeidsgrupper				Ope for alle, informasjon, konkrete arealinnspele Utarbeida retningsliner og koma med innspel							
ROS og KU Utarbeiding av planframlegg				Ekstern kompetanse, administrasjon, behandling av innspel Prosjektgruppe Planforum							
Offentleg høyring av planframlegg Informasjonsmøte						Politisk handsaming: Utval for plan og miljø					
Handsaming av merknader						Prosjektgruppe					
Eigengodkjenning: Kommunestyret											

Fig. 2 Forslag til framdriftsplan

Høyringsinstansar

- Hordaland fylkeskommune
- Fylkesmannen i Hordaland
- Statens vegvesen
- Fiskeridirektoratet
- Kystverket
- Direktoratet for mineralforvaltning
- Noregs vassdrags- og energidirektorat
- Kvam herad
- Kvinnherad kommune
- Os kommune
- Samnanger kommune
- Tysnes kommune
- BIR
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland
- Naturvernforbundet
- Norsk forbund for utviklingshemma (NFU) Fusa
- Norges Handikapforbund (NHF) Fusa
- Sunnhordland kraftlag AS (SKL)
- Bergen og omland friluftsråd (BOF)
- Business Region Bergen (BRB)
- Bergensalliansen
- Interkommunalt utval for akutt forureining
- Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt
- Fusa utviklingsselskap
- Fusa næringslivslag
- Fusa idrettsråd
- Fusa sokn
- Fusa bondelag
- Fusa bonde- og småbrukarlag
- Fusa kraftlag
- Bygdeutval
- Fusa turlag
- Båtlag
- Grunneigarlag
- Jakt- og fiskarlag

